



## Protokoll frå årsmøte 2023 - Hafslo IL

Måndag 27. februar 2023 kl. 19 på Eikum Hotell

### Til stades:

23 ved starten av møtet. 25 ved slutten.

### Sak 1: Opning

Årsmøtet starta kl. 19. Leiar Ove Midtbø ønskte velkomen og informerte om praktisk gjennomføring av møtet.

### Sak 2: Godkjenning av innkalling

Godkjent utan merknadar.

### Sak 3: Godkjenning av saksliste

Godkjent utan merknadar.

### Sak 4: Val av møteleiar og skrivar

Årsmøtet valde Ove Midtbø som møteleiar og Birthe Johanne Finstad som skrivar.

### Sak 5: Val av to medlemar til å skriva under møteboka

Linda Marie Hagelin og Lars Olav Halleråker vart valde til å skriva under.

### Sak 6: Årsmelding frå styret

Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til hovudstyret.

Merknad frå Jon Ove Lomheim:

Det er ei viktig presisering at K10- og K19-bakkane framleis er under bygging. I tillegg bør hopp strykast under gode treningsforhold på s. 8. Det er framleis mykje arbeid for foreldre og gruppa for å få til aktivitet.

### Vedtak

*Årsmøtet godkjenner årsmeldinga med nemnde merknad. Årsmeldinga blir justert i samsvar med det.*

### Sak 7: Årsmelding frå gruppene

- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til stadionstyret.
- Jon Ove Lomheim orienterte om årsmeldinga til hoppgruppa.
- Lars Olav Halleråker orienterte om årsmeldinga til alpingruppa.
- Norill Terese Norheim orienterte om årsmeldinga til fotballgruppa.
  - Merknad: G15 manglar. Norill sender tekst, slik at årsmeldinga blir justert.
- Terje Brunborg orienterte om årsmeldinga til barneidrettsgruppa.
- Terje Brunborg orienterte om årsmeldinga til trimgruppa.
- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til handballgruppa.



## Vedtak

- *Årsmøtet godkjenner årsmeldingane frå gruppene med nemnde merknad. Årsmeldinga blir justert i samsvar med det.*
- *Årsmøtet godkjenner heile årsmeldinga for Hafslo IL 2022.*

## Utdeling av innsatskrus og blomar

Styret og gruppeleiarar delte ut innsatskrus, blomar og anna merksemd. Oversikt over utdelingane står som vedlegg til protokollen.

## Sak 8. Rekneskap

- Ove Midtbø gjekk gjennom og orienterte om rekneskapen for 2022.
  - Innspel frå Karita Nes: Hadde vore nyttig med ei eiga oversikt/eit eige rekneskap for Lerum Cup for å enkelt ha oversikt over utgifter og inntekter knytt til det.
- Kontrollutvalet ved Herman Odd Stein orienterte om arbeidet til kontrollutvalet. Dei har blant anna gjennomgått og kontrollert rekneskapen, styrereferat, årsmelding, materiallister, kontantbehandling i samband med marknad, samarbeidsavtalen med Luster sparebank, handsaming av gåver og sponing m.m.
- Kontrollutvalet har ingen merknad til framlagt rekneskap, og tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2022.

## Vedtak

*Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2022.*

***Årsmøtet tok pause for matservering kl. 20.35. Oppstart etter pausen kl. 21.15.***

## Sak 9: Fastsetjing av medlemskontingent

Styret føreslår at vi held fram med gjeldande takstar, som er

- 300 kr for enkeltmedlemskap
- 750 kr for familiemedlemsskap
- 100 kr for pensjonistmedlemsskap

## Vedtak

*Årsmøtet vedtek at Hafslo IL held fram med gjeldande satsar for medlemskontingent med verknad for 2024.*

## Sak 10: Budsjett 2023

Ove Midtbø orienterte om budsjettforslaget styret legg fram og viste til at dette byggjer på rekneskapen for 2022, og planlagde investeringar i 2023.

Spørsmål frå årsmøtedeltakarane:

- Spørsmål frå Karita Nes om det er rom for utgifter/investeringar til ekstra straumkontakter mm. til kioskbygg i Moane. Svar: Det er lagt inn midlar til slike utgifter i framlagt budsjett.

## Vedtak

*Årsmøtet godkjenner budsjettet 2023.*

## Sak 11: Inkomne saker

### a. K45 – driftsavtale med Sogn skisenter

Ove Midtbø orienterte om saka og styret si innstilling.

Jon Ove Lomheim utdjupa vidare om utkastet til driftsavtale mellom Hafslo IL og Sogn skisenter, inkludert kostnader knytt til denne. Har følgjande merknad til saksframlegget:

- Kostnadssida er ikkje mangelfull og usikker, men basert på samanliknbare anlegg og byggeprosjekt i Ålesund og Mo i Rana.
- I samband med punktet om å venta og sjå an rekrutteringa, er det eit spørsmål om HIL heller bør prioritera å gjera K10 og K19 til heilårsanlegg framfor å byggja K45.

Kommentar til spørsmålet om Sogn skisenter har kapasitet til dette arbeidet:

- Det har skisenteret ikkje. Difor er det lagt inn i forslaget til driftsavtale at det er HIL som skal ta ansvar for både snøproduksjonsanlegg og hoppanlegg.

Årsmøtet stemde over dei to framlagde forslaga til vedtak:

#### Styret sitt framlegg til vedtak

Hafslo IL tilrår at denne saka vert utsett til det ligg føre meir konkrete opplysningar om kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å stå som søkjar og faktisk behov for K45 er nærare avklart. Styret får fullmakt til å drøfte saka vidare med Sogn Skisenter for klargjering og ta saka opp til ny handsaming på neste ordinære årsmøte, eventuelt på ekstraordinært årsmøte før det.

#### Framlegg frå Jon Ove Lomheim

Hafslo IL tilrår at denne saka vert utsett til det ligg føre meir konkrete opplysningar om kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å stå som søkjar og faktisk behov for K45 er nærare avklart. Styret får fullmakt til å drøfte saka vidare med Sogn Skisenter og godkjenne driftsavtale med skisenteret og finansiering.

#### Avstemming

Styret sitt framlegg fekk 14 stemmer. Framlegget frå Jon Ove Lomheim fekk 7 stemmer.

#### Vedtak

*Hafslo IL tilrår at denne saka vert utsett til det ligg føre meir konkrete opplysningar om kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å stå som søkjar og faktisk behov for K45 er nærare avklart. Styret får fullmakt til å drøfte saka vidare med Sogn Skisenter for klargjering og ta saka opp til ny handsaming på neste ordinære årsmøte, eventuelt på ekstraordinært årsmøte før det.*

### a. Anleggsplan Hafslo IL 2023–2027

Ove Midtbø orienterte om saka, utkastet til plan og prioriteringane der.

Innspel/merknadar:



- Jon Ove Lomheim: Meiner prinsipielt at hoppbakke K45 bør stå i del 2 av planen om anlegg under arbeid, ikkje under del 3 planlagde anlegg, men ønskjer ikkje avstemming om dette. Ønskjer også dialog med Sogn skisenter om det er mest hensiktsmessig å prioritera å gjera K10 og K19 om til heilårsanlegg framfor bygging av K45.
- Geir Arne Kvam: Ønskjer å vedta anleggsplanen slik styret har lagt han fram.
- Erna Hamrum: Stilte spørsmål om usikre tal når det gjeld inntekter i samband med hoppanlegg.
- Linda Marie Hagelin: Stilte spørsmål om kva ein ser føre seg ein fleirbrukshall skal romma. Årsmøtet diskuterte spørsmålet om innhald i hall. Møteleiar viste til at det hittil er arealspørsmålet knytt til plassering som har vore diskutert. Når det gjeld innhald, så er dette noko som vi forventar at Hafslo IL og andre organisasjonar og brukargrupper får høve til å uttale seg om i prosessen vidare når det er teke ei endeleg politisk avgjerd om bygging av fleirbrukshall.

## Vedtak

*Hafslo IL vedtek framlegg til ny anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 slik denne vert lagt fram for årsmøtet 27. februar 2023. Dette inneber at anlegga under del 2 vert prioritert høgt vidare i neste planperiode, og at alle anlegga under del 3 med styret sine prioriteringar vert spelt inn til arbeidet med ny «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» innan fristen 1.mai 2023. Årsmøtet godkjenner at styret har dialog med Sogn skisenter om prioritering av anlegga under punkt 4 (hopp K45) og 5 (oppgradering K10-19 til heilårsanlegg) og kan byte rekkefølga på desse.*

## b. Organisasjonsplan Hafslo IL 2023–2026

Ove Midtbø orienterte om saka og framlegget til vedtak.

## Vedtak

*Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023-2026 slik den vert lagt fram for årsmøtet 27.02.2023. Nytt hovudstyre får mandat av årsmøtet til å gjere tilpassingar i organisasjonsplanen saman med særgruppene ut i frå behov i planperioden. Eventuelle endringar av organisasjonsplanen må skje på ordinære eller ekstraordinære årsmøte i løpet av planperioden.*

*Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2023, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjettrammer.*

## Sak. 12: Val 2023 – sjå vedlegg

Ove Midtbø orienterte om hovudstyret sitt framlegg til val. Viste innleiingsvis til at idrettslaget ikkje har hatt valnemnd, der styret og gruppeleiarane har fungert som valnemnd.

## Framlegg til vedtak

Hovudstyret: Årsmøtet støttar framlegget til leiar, og Ove Midtbø vert attvald som leiar.

Grupper, nemnder, utval og kontaktpersonar: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til val av medlemer til ulike grupper/utval. Hovudstyret får i dialog med særgruppene mandat til å finne medlemer til ledige verv i hovudstyret og gruppene fram til neste årsmøte.

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPPA 1934

Valnemnd: Ingen kandidatar. Hovudstyret og særgruppene fungerer som valnemnd inntil vidare.

## Vedtak

Årsmøtet godkjente styret sitt framlegg til val for 2023.

**Årsmøtet vart heva kl. 23.00.**

Underteikna protokoll:

\_\_\_\_\_  
Linda Marie Hagelin

\_\_\_\_\_  
Lars Olav Halleråker

## Vedlegg:

1. Val 2023
2. Merksemd på årsmøtet 2023

## Vedlegg 1: Val 2023

### HOVUDSTYRET:

Verv	Namn	På val
Leiar	Ove Midtbø	2025 (som leiar 2024)
Styremedlem	Birthe Johanne Fredheim Finstad	2024
Styremedlem	Erna Hamrum	2024
Styremedlem	Anne Perlaug Fossøy	2024
Styremedlem	Sondre Henjum Bremer	2025
Styremedlem	Styrk Andre Hofslundsengen	2024
1.varamedlem		
2.varamedlem	Arthur Bremer Brynjulfsen	2024

### FOTBALLGRUPPA:

Leiar	
Medlem	Karita Nes
Medlem	Elin Anette Hillestad
Medlem	Norill Terese Norheim

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Medlem	Jan Erik Røneid
Medlem	Tormod Tysse Tuften
Medlem	Ann Kristin Torgersen - miniputtansvarleg

## TRIMGRUPPA:

Leiar	Terje Brunborg
Medlem	Monica Heggstad
Medlem	Kjell Arild Høyum
Medlem	Roger Carlsen
Medlem	Ragnhild Borge Olsen

## HOPPGRUPPA:

Leiar	Jon Ove Lomheim
Medlem	Per Birger Lomheim
Medlem	Ove Fredheim
Medlem	Vegard Bondevik Lie
Medlem	Ole Johnny Sie
Medlem	Håvard Ese Eliassen

## BARNEIDRETTSGRUPPA:

Leiar	Anne Øvretun Ølnes
Medlem	Frida Malmrud
Medlem	

## HANDBALLGRUPPA:

Leiar	Monika Reime
Medlem	Anne Lena Sygna Halleråker
Medlem	

## ALPINTGRUPPA evt ALPINTNEMND:

Leiar	Lars Olav Halleråker
Medlem	Nils Petter Solheim
Medlem	Lars Håkon England

## ORIENTERINGSNEMND:

Kontaktperson	Ove Oklevik
---------------	-------------

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

## LANGRENNSNEMND:

Kontaktperson	Per Fridolf Hillestad
---------------	-----------------------

## STADIONSTYRET:

Leiar	Tore Ørbech
Medlem	Birger Moene
Medlem	Bjarni H. Valsson
Medlem	Jonas Midtbø
Medlem	Rolf Johan Stranden

## MARKNADSNEMND:

Representant frå hovudstyret	Hovudstyret finn representant
Medlem	Ann Elisbeth Skjerven
Medlem	Stine Solvi
Medlem	Bjarne Venjum

## LERUM CUP-NEMND:

Representant frå hovudstyret	Ove Midtbø
Representant frå Fotballgruppa	Karita Nes
Medlem	Tore Ørbech
Medlem	Birger Moene
Kiosknemnd	Ann Elisbeth Skjerven, Karita Nes, Erna Hamrum, Ann Kristin Torgersen

## FRIIDRETTSUTVAL:

Kontaktperson	Eitt av medlemene i Trimgruppa
---------------	--------------------------------

## SKØYTEUTVAL:

Medlem	Terje Kalhagen
Medlem	Per Ivar Lomheim

## UNGDOMSKONTAKT HOVUDSTYRET:

Medlem	Peder Olai Hillestad
Medlem	Anna Maria Bremer

## KONTROLLUTVAL:

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Medlem	Gerd Westby
Medlem	Hermann Odd Stein

## LUSTER IDRETTSRÅD:

Medlem	Ove Midtbø
Medlem	
Leiar kontrollutvalet	Geir Arne Kvam
Valnemnd	Erna Hamrum

## VALNEMND:

Medlem*	
Medlem*	

*\*Hovudstyret og særgruppene må fungere som valnemnd. Får mandat til å finne medlemmer.*

## NEMND FOR FLEIRBRUKSHALL HAFSLO:

Kontaktperson	Eirik Hoem
---------------	------------

## NEMND FOR STOLPEJAKT LUSTER KOMMUNE:

Kontaktperson	Representant frå Trimgruppa
---------------	-----------------------------

## HESTESPORTNEMND HAFSLO IL:

Kontaktperson	Svein Solheim
Kontaktperson	Harald Hess

## KAJAKKNEMND HAFSLO IL:

Kontaktperson	Hovudstyret inntil vidare
---------------	---------------------------

## Vedlegg 2: Merksemd på årsmøtet 2023

Desse fekk innsatskrus/merksemd på årsmøtet:

## HOVUDSTYRET (UTGÅANDE MEDLEMER)



# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Sandhya K. Holene	Nestleiar sidan 2017-2021. Styremedlem 2022	Innsatskrus + blomar
-------------------	--	----------------------

## FOTBALLGRUPPA

Norill Terese Norheim	Leiar sidan 2019. Luster idrettsråd 2020-22	Innsatskrus + blomar
Camilla Bremer	Medlem sidan 2019	Innsatskrus
Karita Nes	Medlem sidan 2020 + LC 2022	Innsatskrus

## TRIMGRUPPA (UTGÅANDE MEDLEMER)

Katrin L. Nes	Leiar sidan 2016. Medlem sidan 2022	Innsatskrus + blomar
Adrienne Kvam	Medlem sidan 2017	Innsatskrus

## BARNEIDRETTSGRUPPA:

Ann-Kristin Gjerde	Leiar sidan 2021	Innsatskrus + blomar
Terje Brunborg	Medlem sidan 2021	Innsatskrus
Janne Kjølraug Grønbech	Medlem sidan 2021	Innsatskrus

## LERUM-CUP NEMND

Geir Afdal	Leiar sidan i alle fall 2014	Innsatskrus + blomar
Sverre Kjos-Wenjum	Medlem sidan i alle fall 2014	Innsatskrus

## MARKNADSNEMND

Margrete S. Røneid	Medlem i alle fall sidan 2017	Innsatskrus + blomar
Anne Therese Moen	Medlem 2022 + innsats fotball generelt	Innsatskrus

## HOPPGRUPPA

Ove Fredheim	Svært gode resultat i hopp i nasjonale og internasjonale renn for veteranar.	Innsatskrus
--------------	--	-------------

## STADIONSTYRET

# HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Birger Moene	Leiar sidan 2018++. LC-nemnd	Innsatskrus + blomar
--------------	---------------------------------	----------------------

## KONTROLLUTVALET

Gerd Westby	Revisor, kontrollutval i alle fall sidan 2014	Frukt-/sjokoladekorg + gåvekort på kr 500
Hermann Odd Stein	Revisor, kontrollutval i alle fall sidan 2014	Frukt-/sjokoladekorg + gåvekort på kr. 500

## Anna merksemd:

**Sigrd Kjørtaug Bergfjord, Ester Bondevik Lie, Anna Maria Bremer, Synnøve Røneid** – vinnar Lerum Cup 2022 + 3.plass Norway Cup 2022 – Gåvekort Intersport kr. 400,-.

**Instruktørar + medhjelparar Idrett for Alle:** Gåvekort på pizza frå Stolpen Butikk/Lustraporten for instruktørar, hjelparar og utøvarar ved passende høve. Får også klubb t-skjorter etterkvart.

